

Kari på kretslag i Holmenkollen

06.03.2012



Ei av dei mest allsidige og lovande idrettsjentene
i Uskedalen, Kari Bråtun (15),
har fått den til no mest smigrande oppgåva ho har hatt.

**Ho er utteke
av skikretsen til kretslaget som skal delta i
ungdomsstafetten i Holmenkollen
til helga. Stafetten går laurdag. klokka 17 og blir direktesendt i TV
(NRK Program 1) Dette er same dag som
5-mila og 3-mila (damer) avviklast**

Det er ein stafett med 4 etappar for 15- og 16-åringar der
det deltek 2 jenter og 2 gutter. slik at ei jente på 15 startar
og ein gut på 15 har etappe nummer 2. Tredje etappe er for
ei jente på 16 og det er denne Kari skal ha ettersom ho
fyller dette året.

Siste etappe er altså for ein gut på 16.

Det ligg an til å bli ei helg full av opplevingar for Kari som på
biletet står saman med konkurrent og venninne Ingebjørg

Haugland. Denne helga blir det altså ikkje noko oppgjer mellom dei på heimebane...

Også sist helg var Kari på langtur, då ho deltok i Hovudladsrennet i Harstad. Her plasserte ho seg rundt nummer 90 både i distanserennet og sprinten men vart ikkje skremt. Ho visste at nivået var høgt og at det kom til å bli vanskeleg å hevda seg. Og ho skulle ikkje gått mange sekunder fortare for å ha klart langt betre plasseringar for her var det tett mellom deltakarane.

Kari seier til Kvinnheringen at ho er nøgd med framgangen i vinter.. som vart toppa med 2 gull i KM.
Til hausten byrjar ho på KVV.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen